HAREID KOMMUNE

# HANDLINGSPROGRAM 2014 – 2017

# VEDLEGG 2
# KOMMENTAR TIL TILTAK

# Innhald


1 Vedlegg 2 ..... 3
1.1 Tiltak som er innarbeidd i rådmannen sitt forslag til driftsbudsjett ..... 3
1.1.1 Stortings- og kommuneval ..... 3
1.1.2 Sekretariat for kontrollutval ..... 3
1.1.3 Økonomiavdeling ..... 3
1.1.4 Personalavdeling ..... 3
1.1.5 Plan- og utviklingsavdeling ..... 4
1.1.6 IT-avdeling ..... 4
1.1.7 Fellesutgifter ..... 5
1.1.8 Hareid skule ..... 5
1.1.9 Hareid ungdomsskule ..... 5
1.1.10 Hareid musikk- og kulturskule ..... 6
1.1.11 Bigset barnehage ..... 6
1.1.12 Hareid barnehage ..... 6
1.1.13 Syverplassen barnehage ..... 6
1.1.14 Tilskot til private barnehagar ..... 6
1.1.15 Helse og koordinerande eining ..... 7
1.1.16 Helsestasjon ..... 7
1.1.17 Legeteneste ..... 7
1.1.18 Psykiatri ..... 8
1.1.19 NAV-kontor ..... 8
1.1.20 Barneventeneste ..... 8
1.1.21 Omsorgskontor ..... 9
1.1.22 Langtidsavdelinga ..... 9
1.1.23 Kortidsavdelinga ..... 10
1.1.24 Kjøkken ..... 10
1.1.25 Heimesjukepleie ..... 10
1.1.26 Bu og habilitering ..... 10
1.1.27 Bibliotek ..... 11
1.1.28 Byggesaksbehandling ..... 11
1.1.29 Geodata ..... 12
1.1.30 Brannvern ..... 12
1.1.31 Kommunalteknisk kontor ..... 14
1.1.32 Reinhald ..... 14
1.1.33 Landbrukskontor ..... 14
1.1.34 Hareid sokn ..... 14
1.1.35 Finans ..... 14
1.2 Kommentarar til forslag til investeringstiltak ..... 15

1.2.1 Kommunestyre ....................15
1.2.2 Sekretariat for kontrollutval ....................15
1.2.3 Plan- og utviklingsavdeling ....................15
1.2.4 IT-avdeling ....................17
1.2.5 Omsorgskontor ....................17
1.2.6 Kjøkken ....................18
1.2.7 Heimesjukepleie ....................18
1.2.8 Kulturvern/ museer ....................18
1.2.9 Geodata ....................18
1.2.10 Brannvern ....................19
1.2.11 Kommunalteknisk kontor ....................19
1.2.12 Vegar ....................19
1.2.13 Tiltak: 05014053 Pålhaugen 2, 2014 ....................20
1.2.14 Hamn ....................20
1.2.15 Vatn ....................20
1.2.16 Avløp ....................21
1.2.17 Område 65 ....................22
1.2.18 FDV Bygningar ....................22
1.2.19 Hareid sokn ....................25
1.3 Tiltak som ikkje er innarbeidd i rådmannen sitt forslag til driftsbudsjett ....................27
1.3.1 Plan og utviklingsavdelinga ....................27
1.3.2 Bigset skule ....................27
1.3.3 Hareid ungdomsskule ....................27
1.3.4 Bigset barnehage ....................28
1.3.5 Psykiatri ....................28
1.3.6 Dagsenter ....................28
1.3.7 Omsorgskontor ....................28
1.3.8 Kjøkken ....................29
1.3.9 Heimesjukepleie ....................29
1.3.10 Bibliotek ....................29
1.3.11 Brannvern ....................29
1.3.12 Hareid sokn ....................29

# 1 VEDLEGG 2

## 1.1 Tiltak som er innarbeidd i rådmannen sitt forslag til driftsbudsjett

- Beløpa er i heile 1000, og må lesast som kvart års endring i.h.t. 2013
- -forteikn er reduserte utgifter eller auka inntekt.

### 1.1.1 Stortings- og kommuneval

#### 1.1.1.1 Tiltak: 01014010 Variablar - val 2. kvart år, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | -247 | -7 | -247 | -57 |

**Kommentarar:**
For dette ansvaret vert det ulikt budsjett grunna val 2. kvart år. Eg har også differensiert noko på kommuneval og stortingsval. Det kan hende eg må oppjustere litt i stortingsvalåret. Dette veit eg betre når rekneskapet for 2013 ligg føre.

### 1.1.2 Sekretariat for kontrollutval

#### 1.1.2.1 Tiltak: 01014013 Tilskot til kontrollutvalsekretariatet, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 20 | 20 | 20 | 20 |

**Kommentarar:**
Ansvaret vart auka opp med omlag kr. 10 000 frå 2012 til 2013, grunna at budsjettramma 2012 var for låg. Det har vore ein merkbar auke i tilskotet til kontrollutvalsekretariatet noko som gjer at dette ansvaret heller ikkje i år klarer å halde seg innanfor dei løyvde rammene. Ansvaret må difor få tilført minst kr. 20 000 for å gå i balanse.

#### 1.1.2.2 Tiltak: 01014073 Vest kontrollutvalsekr., 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 49 | 49 | 49 | 49 |

**Kommentarar:**
Auke i utgifter til kontrollutvalsekreteriatet, over år.

### 1.1.3 Økonomiavdeling

#### 1.1.3.1 Tiltak: 01014045 Bankavtale, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 45 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
I følgje gjeldande regelverk skal kommunane ut i marknaden og kjøpe driftsbanktenester. På førespurnad er det gitt ei prisantydning på ca. 45.000 for kjøp av konsulentteneste for denne prosessen. Dette bør prioriterast i 2014.

### 1.1.4 Personalavdeling

#### 1.1.4.1 Tiltak: 01014100 Bedriftshelseteneste, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 300 | 300 | 300 | 300 |

**Kommentarar:**
Lovpålagt bedriftshelseteneste og arbeidsgjevaransvar

## 1.1.5 Plan- og utviklingsavdeling

### 1.1.5.1 Tiltak: 01014028 Avgiftsfrie gebyrinntekter, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | -70 | -70 | -70 | -70 |

**Kommentarar:**
Finansiering basert på nytt gebyrregulativ (Handlingsplanen).

### 1.1.5.2 Tiltak: 01014029 Drift av beredskapstiltak (ny budsjettpost), 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 40 | 40 | 40 | 40 |

**Kommentarar:**
Viser til kommunestyret sitt vedtak sak PS 99/12 vedkomande innkjøp av satellitt-telefonar og TV. Beløpet gjeld lisenskostnader og abonnement.

### 1.1.5.3 Tiltak: 01014030 Serviceavtalar og reparasjonar, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 10 | 10 | 10 | 10 |

**Kommentarar:**
Ny kostnadsklasse pga. auka folketal. (Norkart)

### 1.1.5.4 Tiltak: 01014031 Kjøp av EDB-utstyr, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | -25 | -25 | -25 | -25 |

**Kommentarar:**
Behovet er redusert.

### 1.1.5.5 Tiltak: 01014033 Fordelte utgifter/internt sal, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 20 | 20 | 20 | 20 |

**Kommentarar:**
Fordelte utgifter/internt blir redusert. Erfaring viser at denne posten har vore sett for høgt.

## 1.1.6 IT-avdeling

### 1.1.6.1 Tiltak: 01014067 SSIKT - Hareid sin del av driftsutgiftene, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 759 | 759 | 759 | 759 |

**Kommentarar:**
Hareid kommune sin del av driftsutgiftene i ny interkommunal driftssentral for IKT
SSIKT, Søre Sunnmøre IKT, Hareid

### 1.1.6.2 Tiltak: 01014099 Bortfall av stillingsheimel IKT, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | -700 | -700 | -700 | -700 |

**Kommentarar:**
Avgang av stillingsheimel i Gareid kommune, som går inn i SSIKT.

## 1.1.7 Fellesutgifter

### 1.1.7.1 Tiltak: 01014012 Kontingent Kystvegen, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 15 | 15 | 15 | 15 |

**Kommentarar:**
Kystvegen er det bestemt politisk at vi skal vere ein del av og med det følgjer det ein årleg kontingent. Det er ikkje definert kvar den skal belastast i 2013 og den er difor trekt frå ansvar kommunestyret. Ansvar fellesutgifter bør tilførast midlar slik at denne kontingenten vert belasta dette ansvaret.

### 1.1.7.2 Tiltak: 01014074 Underbudsjettert IKS, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 10 | 10 | 10 | 10 |

**Kommentarar:**
Søre Sunnmøre innkjøpssentral, e-post frå Herøy, 11. okt. -13. kontingent 2014, kr. 115.377

## 1.1.8 Hareid skule

### 1.1.8.1 Tiltak: 02014016 Auke i antal klasser, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 200 | 500 | 500 | 500 |

**Kommentarar:**
Frå skulestart i august 2914 tilseier elevtalet ved skulen at det må opprettast ei klasse meir enn tilfellet er inneverande skuleår.

### 1.1.8.2 Tiltak: 02014017 Auke i utgift barn i fosterheim, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 300 | 300 | 300 | 300 |

**Kommentarar:**
Omsorgsovertaking/fosterheim for nye barn fører til at Hareid skule får ekstra utgifter til skuleplass og spesialpedagogiske tiltak.

## 1.1.9 Hareid ungdomsskule

### 1.1.9.1 Tiltak: 02014006 Heilårsverknad av spesped-prosjekt starta i aug 2013, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 530 | 530 | 530 | 530 |

**Kommentarar:**
Heilårsverknad av spesialpedagogisk tiltak starta hausten 2013. Samla ekstra kostnad kvart av dei to første åra: 630 000 kr. Sannsynleg statleg tilskot: 100 000 kr.

## 1.1.10 Hareid musikk- og kulturskule

### 1.1.10.1 Tiltak: 04014008 Kulturskuletime ved dei tre barneskulane , 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 175 | 175 | 175 | 175 |

**Kommentarar:**
Kulturskuletimen. La inn for hausten 2013 kr.80000,- Fekk 50.000,- Kulturskuletimen er no godt igang for 4.klassingane ved dei tre barneskulane i kommuna. Kostnaden for dette, 4 skuletimar i veka, vert kr.175.000,- for 2014 og vidare år.

## 1.1.11 Bigset barnehage

### 1.1.11.1 Tiltak: 02014003 auka lønsutgifter, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 0 | 733 | 733 |

**Kommentarar:**
Innmeldt kr. 733 000 frå 2014 t.o.m. 2017 Lønspostane må aukast opp for å drive på same nivå som hausten (august) 2013. Summen 733 000 er samla for alle lønspostar 10100, 10108, 10202, 10900 og 10990 . 10100: auke på fastløn for å kunne drive på same nivå, dvs. same antal plassar, som august 2013 10108; her ligg alle tillegga som pedagogane har fått gjennom lokale forhandlingar og dette har ikkje vore budsjettert tidlegare. 10202: ferievikar må aukast då vi har utvida bemanninga i 2013 for å fylle ledig kapasitet på areal. Barnehagen har stengt berre 4 veker om sommaren og alle har minst 5 ferieveker. Fleire av dei tilsette er over 60 år og skal avvikle 6 veker ferie 10900 og 10990 må aukast i samsvar med auken i anna lønsutbetaling.

## 1.1.12 Hareid barnehage

### 1.1.12.1 Tiltak: 02014014 styrking lønnsbudsjett, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Nødvendig styrking av lønsbudsjettet for å oppretthalde drift som i 2013.

## 1.1.13 Syverplassen barnehage

### 1.1.13.1 Tiltak: 02014015 Auka lønsramme, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
10108 pensjonsgivande tillegg: Her ligg alle tillegga som pedagogane har fått gjennom lokale forhandlingar og dette har ikkje vore budsjettert tidlegare. I tillegg må 10200 permisjon vikar aukast opp. Pensjon har over tid vore for lavt budsjettert og må aukast i tråd med lønsutbet. i 2014.

## 1.1.14 Tilskot til private barnehagar

### 1.1.14.1 Tiltak: 02014005 Utvida Grønmyr bhg, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 |

**Kommentarar:**
Grønmyr bhg Holstad har auka kapasiteten med inntil 70 bhg-plassar. Kommunalt tilskot for 2014 er berekna auka med 3 000 000 kr.

## 1.1.15 Helse og koordinerande eining

### 1.1.15.1 Tiltak: 03014032 Tilskot Overgrepsmottak, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 90 | 90 | 90 | 90 |

**Kommentarar:**
Vi er einaste kommune i området her som ikkje deltek på overgrepsmottaket. Det betyr at personar frå vår kommune som blir utsatt for valdtekt eller andre overgrep ikkje får same hjelp. Frå 2015 skal overgrepsmottaka over til helseforetaka.

### 1.1.15.2 Tiltak: 03014057 Miljøretta helsevern i skular og barnehagar - undersøking av inneklima, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 0 | 120 | 120 |

**Kommentarar:**
Politisk sak LKU osv. den 29.10.2013

## 1.1.16 Helsestasjon

### 1.1.16.1 Tiltak: 03014029 Auke i ressurs statsbud, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 184 | 184 | 184 | 184 |

**Kommentarar:**
Statsbudsjettet: Auke i rammene til helsestasjon og skulehelseteneste for førebyggande arbeid blant barn og unge

## 1.1.17 Legeteneste

### 1.1.17.1 Tiltak: 03014030 Naudnett, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 20 | 20 | 20 |

**Kommentarar:**
Naudnett blir innført i 2014. Det blir ein topp i 2014 pga. investering og oppstartkostnadar. Vi må ha prosjekt i lag med sjukehuset i Volda og dei andre kommunane omkring dette.

### 1.1.17.2 Tiltak: 03014036 Nattlegevakt- red utgifter, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | -130 | -130 | -130 | -130 |

**Kommentarer:**
Reduserte utgifter fordi fleire kommuner deler på det. Innføringa av pensjon for stillingar under 14 timar/veke gjer at kostnadsredusjonen ikkje er så stor som tidlegare annonsert.

### 1.1.17.3 Tiltak: 03014038 Feilbudsjetterte inntekter turnuslege, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 403 | 403 | 403 | 403 |

**Kommentarar:**
Vi hadde turnuslege våren 2011 og det var da budsjettert med inntekter frå trygderefusjon og pasientbetaling. Desse inntektene er feilaktig blitt med på budsjettet for 2012 og 2013 også, men kjem ikkje inn.

## 1.1.18 Psykiatri

### 1.1.18.1 Tiltak: 03014060 Styrking av psykiatritenesta, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 500 | 865 | 865 | 865 |

**Kommentarar:**
1,5 stilling i styrking i psykiatritenesta. Gjeld 3 brukarar/ pasientar. Vert vurdert til ikkje å trenge fast nattevakt pr. i dag, men tilsyn av etablert nattpatrulje. Kr 865000 inkludert helgetillegg på kr 40 000 pr. år.

## 1.1.19 NAV-kontor

### 1.1.19.1 Tiltak: 01014015 kjøp av VTA-plassar på Ulshav, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 190 | 190 | 190 | 190 |

**Kommentarar:**
Tiltak 14015 – Kommunen har hatt 5 VTA-plassar på Ulshav som eit arbeids- og aktivitetstilbod til personar som er i ferd med å verte uføretrygda eller som allereie har ei uføretrygd. Tiltaket har som formål å gje funksjonshemma eit tilbod om dagleg aktivitet/ sysselsetting. Kommunen har mange unge uføre med behov for aktivitet på dagtid, og Sanzibar dekkjer ikkje tilbodet til alle aktuelle brukarar.

## 1.1.20 Barneverntenestе

### 1.1.20.1 Tiltak: 01014035 arbeidsgodtgjersle, fosterheimar, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 1 200 | 1 200 | 1 200 | 1 200 |

**Kommentarar:**
Tiltak 14035 – Talet på barn i fosterheimar har auka og utgiftene til arbeidsgodtgjersle etter KS sine satsar har også auka. Der ein tidlegare gjorde avtale om 1 KS sats, kan det no verte kravd 3-4x KS sine satsar. Avtalen om avtalen vert gjort etter forhandlingar med fosterheimane og i samråd med Bufetat, som ev. kan gå inn og refundere satsar som kjem over den kommunale betalinga. Kommunen har i dag 16 barn i fosterheim

### 1.1.20.2 Tiltak: 01014036 utgiftsdekning, fosterheimar, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 400 | 400 | 400 | 400 |

**Kommentarar:**
Tiltak 14036 – Utgiftsdekninga til barn i fosterheim har også auka, men ikkje i så stor grad som arbeidsgodtgjersla. Fosterheimane kan t.d. få 1 utgiftsdekning og 3 utgiftsdekningar etter KS sine satsar. Fleire born i fosterheim fører til press på denne budsjettposten.

### 1.1.20.3 Tiltak: 01014037 Konsulenttenester, advokat, psykolog, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 800 | 800 | 800 | 800 |

**Kommentarar:**
Tiltak 14037 – Barneverntenesta er avhengig av å kjøpe advokattenester i samband med vurdering i forkant og gjennomføring av saker til fylkesnemnda. Trenden går også i retning av at alle avgjerder i fylkesnemnda vert anka til tingrett og lagmannsrett av den private parten. Dette fører til vesentleg auke i utgiftene til kjøp av advokattenester. I samband med gjennomføring av desse sakene, vert det ofte kravd sakkunnige utgreiingar frå psykolog, som ein også ser eir ei aukande utgift.

#### 1.1.20.4 Tiltak: 01014038 kjøp av tenester frå staten, institusjonsplass, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 500 | 500 | 500 | 500 |

**Kommentarar:**
Tiltak 14038 – Ikkje alle barn kan plasserast i fosterheim frå dag 1 og ikkje alle barn har nytte av å verte plassert i fosterheim, men er avhengig av eit anna tilbod. Då kan institusjonsplass vere eit alternativ. Dette er dyrt og den kommunale eigenandelen er høg.

#### 1.1.20.5 Tiltak: 01014039 Overføring til andre, kjøp av tiltak, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |

**Kommentarar:**
Tiltak 14039 – For å forsøke å hindre at barn og unge vert tatt under omsorg av barnevernet, har ein tilgang på ei rekkje hjelpetiltak som skal kunne nyttast. Desse hjelpetiltaka har ulik kostnad, men kjøp av slike tenester for å hindre endå dyrare tiltak er ein aukande utgiftspost for barnevernet.

#### 1.1.20.6 Tiltak: 01014094 Skjønstilskot, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | -400 | -400 | -400 | -400 |

**Kommentarar:**
Tildelt skjønsmidlar 2014 frå Fylkesmannen for styrking av barneverntenesta. (I tillegg fekk kommunen 200.000 i generelt skjønstilskot, ført som styrking av rammetilskotet.)

### 1.1.21 Omsorgskontor

#### 1.1.21.1 Tiltak: 03014059 Rette opp missforståing av budsjettering løn til kommunalsjef, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 430 | 430 | 430 | 430 |

**Kommentarar:**
Rette opp misforståing av budsjettering løn til kommunalsjef, elles vil eininga gå i minus også i 2014.

### 1.1.22 Langtidsavdelinga

#### 1.1.22.1 Tiltak: 03014041 Auke sjukepleiedekning skjerma avdeling, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 0 | 0 | 550 |

**Kommentarar:**
Skjerma avdeling er ikkje sjølvgåande på sjukepleiedekning. Med den lave pleiefaktoren vi har på sjukeheimen blir det ei ekstra utfordring/belastning for personalet. For lite fagkompetanse går også utover fagleg forsvarleg teneste. For at skjerma eining skal kunne vere sjølvgåande treng avdelinga 3 sjukepleiarar til. Med å få innvilga 100% st, kan den ev. delast og gi oss to personar, altså eit steg på vegen. Ottar Grimstad som sjukeheimslege har også påpeika dette .

#### 1.1.22.2 Tiltak: 03014042 Tilleggsløn til vikarar og ekstrahjelp, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 300 | 300 | 300 | 300 |

**Kommentarar:**
Tariffesta løn for turnusarbeidande. Underbudsjettert over mange år.

### 1.1.23 Kortidsavdelinga

#### 1.1.23.1 Tiltak: 03014039 Rette opp underbudsjettering tilleggsløn til vikarar og ekstrahjelp, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 400 | 400 | 400 | 400 |

**Kommentarar:**
Underbudsjettering over fleire år. Avtalefesta tilleggsløn vikarar og ekstrahjelp

### 1.1.24 Kjøkken

#### 1.1.24.1 Tiltak: 03014056 Overføring av lønsmidlar reinhaldarar til kommunale bygg -, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | -1 300 | -1 300 | -1 300 | -1 300 |

**Kommentarar:**
Organisatorisk endring av kor lønsutgiftene til reinhaldspersonell ved sjukeheimen vert utgiftsført. Lønskostnadane for reinhaldarar ved sjukeheimen vert flytta frå Velferd til Bygg. Velferd avgir 1,3 mill. i lønsmidlar som blir godskrive Bygg.

### 1.1.25 Heimesjukepleie

#### 1.1.25.1 Tiltak: 03014037 Rette opp underbudsjettering tilleggsløn til vikarar og ekstrahjelper, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 260 | 260 | 260 | 260 |

**Kommentarar:**
Heimetenestene har ei døgnkontinuerleg drift å ivaretake. Tilleggsløn er tariffeste. Underbudsjettert over fleire år.

### 1.1.26 Bu og habilitering

#### 1.1.26.1 Tiltak: 03014047 Statsbudsjettet i rammene til psykisk utviklingshemma over 16 år, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 271 | 271 | 271 | 271 |

**Kommentarar:**
I statsbudsjettet er det auke i ramma for psykisk utviklingshemma over 16 år. Auke frå Kr 555 160 til kr 576 000. For 13 brukarar innber dett kr 271 000

### 1.1.26.2 Tiltak: 03014049 Forventa barnebustad i budsjettår 2014 - tiltak meldt frå barnevernet, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 1 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |

**Kommentarar:**
Barnevernet har meldt om tiltak for eit mindrårig barn – Barnebustad- vil medføre ca. 4 stillingheimlar. Ev. auke i avlastning om ikkje barnebustad (=institusjon)

## 1.1.27 Bibliotek

### 1.1.27.1 Tiltak: 04014004 Samlingsutvikling, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 0 | 50 | 50 |

**Kommentarar:**
Skal Hareid kommune ha eit tilfredsstillande og oppdatert bibliotektilbod til alle aldersgrupper må det kome ei budsjettauke til medieinnkjøp.

### 1.1.27.2 Tiltak: 04014005 Digital utvikling, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 0 | 80 | 80 |

**Kommentarar:**
Folkebiblioteket skal vere med på å sikre lik og fri tilgong til kunnskap for alle. Biblioteket treng ekstra midlar for å komme i gong med e-bokutlån og også for å tilby andre digitale plattformar til innbyggjarane i Hareid kommune.

## 1.1.28 Byggesaksbehandling

### 1.1.28.1 Tiltak: 01014018 Ny sakshandsamar byggjesak/plan, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 560 | 560 | 560 | 560 |

**Kommentarar:**
Det er behov for ei kombinert ny stilling for byggesak og plan. Pr. i dag har vi berre byggesaksbehandlar i 75% stilling. Anna grunngjeving: Folketalsauke Kompleksitet/krav til sakshandsaming, lovpålagde tilsyn og kontrollar Behov for styrking av plansaksbehandling

### 1.1.28.2 Tiltak: 01014020 Gebyrinntekter, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | -570 | -570 | -570 | -570 |

**Kommentarar:**
Ny utrekning etter meir reell tidsbruk for byggesaker gjer annleis inntektsgrunnlag, ser også av tidlegare år at denne kontoen har gitt overskot. Dette tiltaket finansierar tiltak 01014018 Ny sakshandsamar byggesak/plan og tiltak 01014027 Serviceavtalar og reperasjon (Norkart).

### 1.1.28.3 Tiltak: 01014027 Serviceavtalar og reparasjonar (Norkart), 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 10 | 10 | 10 | 10 |

**Kommentarar:**
Auka kostnader pga. folketal/ny kostnadsklasse.

## 1.1.29 Geodata

### 1.1.29.1 Tiltak: 01014022 Serviceavtalar og reparasjonar (Norkart), 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 25 | 25 | 25 | 25 |

**Kommentarar:**
På grunn av folketalsauke kjem kommunen over i ny kostnadsklasse. Budsjettposten er auka i tråd med ny kostnad.

### 1.1.29.2 Tiltak: 01014023 Tinglysing, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | -10 | -10 | -10 | -10 |

**Kommentarar:**
Staten har redusert tinglysingsgebyret. Budsjettposten kan reduserast med kr 10.000.

### 1.1.29.3 Tiltak: 01014024 Gebyrinntekter, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | -20 | -20 | -20 | -20 |

**Kommentarar:**
Gebyrinntektene kan aukast med 20.000

### 1.1.29.4 Tiltak: 01014025 Fordelte utgifter/internt sal , 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | -20 | -20 | -20 | -20 |

**Kommentarar:**
Inntektsposten er stipulert utfrå erfaring i 2013.

### 1.1.29.5 Tiltak: 01014026 Verktøy og utstyr, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 0 | 5 | 5 |

**Kommentarar:**
Denne posten går til innkjøp av ymse driftsutgifter for i forbindelse med oppmåling (stikker, batteri, spraymaling m.m.)

## 1.1.30 Brannvern

### 1.1.30.1 Tiltak: 01014001 Underbuds. lønn og pensjon, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 320 | 320 | 320 | 320 |

**Kommentarar:**
Vaktgodtgjersle har auka meir enn budsjettert. I tillegg er det i sentrale lønsforhandlingar avtalt

utvida pensjonsrettar som ikkje er budsjettert. Også ny dom i rettssak der små stillingar også har pensjonsrettar, noko som råkar oss, som heller ikkje er budsjettert.

### *1.1.30.2 Tiltak: 01014002 Arbeidskle, 2014*

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 0 | 80 | 80 |

**Kommentarar:**
Røykdykkarutstyret er eldre krev meir reperasjon og må snart skiftast. Kle er forbruksvare. Ikkje tilstrekkeleg budsjettert i forhold til desse krava.

### *1.1.30.3 Tiltak: 01014003 Kurs, 2014*

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 0 | 40 | 40 |

**Kommentarar:**
Lovkrav om at alle skal ha ta grunnkurs for brannkonstablar.

### *1.1.30.4 Tiltak: 01014004 Verktøy og utstyr, 2014*

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 0 | 30 | 30 |

**Kommentarar:**
Vi har ein del eldre utstyr som krev utskifting. Utstyr til brannvesen er svært dyrt. Vi treng difor ei auke i budsjettet for å kunne kjøpe naudsynt utstyr.

### *1.1.30.5 Tiltak: 01014005 Serviceavtalar og reperasjon, 2014*

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 80 | 80 | 80 | 80 |

**Kommentarar:**
Etter kjøp av ny brannbil, er det etablert nokre serviceavtalar som ikkje er budsjettert. Desse er naudsynte då det gjeld livsviktig utstyr.

### *1.1.30.6 Tiltak: 01014006 Kjøp fra kommune, 2014*

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 70 | 70 | 70 | 70 |

**Kommentarar:**
Kontingenten for IUA (akutt forureining i sjø eller på land) og 110-sentralen er ført her. Desse kontingentane er basert på folketall. Sidan folketalet i Hareid aukar, og i tillegg har generell prisstigning, aukar desse kontingentane meir enn budsjettert, dette har no pågått i fleire år.

### *1.1.30.7 Tiltak: 01014008 Naudnett, 2014*

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 120 | 120 | 120 |

**Kommentarar:**
Det er vedtatt at alle naudetatane skal over på nytt sambandsutstyr kalt Naudnett. Dette har for Hareid sin del oppstart ein gong i 2015.

### 1.1.31 Kommunalteknisk kontor

#### 1.1.31.1 Tiltak: 05014017 Hareid stadion,

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 0 | 130 | 130 |

**Kommentarer:**
Etterfylling av granulat og drensspyling, 2014

### 1.1.32 Reinhald

#### 1.1.32.1 Tiltak: 05014010 Overføring av lønsmidlar frå Velferd til reinhald av institusjon, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 1 300 | 1 300 | 1 300 | 1 300 |

**Kommentarar:**
Organisatorisk endring av kor lønsutgiftene til reinhaldspersonell ved sjukeheimen vert plassert. Lønskostnadane for reinhaldarar ved sjukeheimen vert flytta frå Velferd til Bygg. Velferd avgir 1,3 mill. i lønsmidlar og blir godskrive Bygg.

### 1.1.33 Landbrukskontor

#### 1.1.33.1 Tiltak: 01014071 Tilskot, Landbrukskontor, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | -71 | -71 | -71 | -71 |

**Kommentarar:**
Reduserte utgifter til Landbrukskontoret, sett i.h.t. 2013.

### 1.1.34 Hareid sokn

#### 1.1.34.1 Tiltak: 04014011 Framskriv kjøpekraft, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 92 | 92 | 92 | 92 |

**Kommentarar:**
Framskriving av forventa løns- og prisvekst på 3 % (kommunal deflator) for å oppretthalde kjøpekrafta i tilskotet, frå 2013 til 2014. Sum løyving i 2014 til Hareid Sokn er på kr. 3.077.250.

### 1.1.35 Finans

Viser til kap. 3 i Handlingsprogrammet.

# 1.2 Kommentarar til forslag til investeringstiltak

## 1.2.1 Kommunestyre

### 1.2.1.1 Tiltak: 01014011 Nye lesebrett til politikarar, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 100 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
I 2015 er det kommuneval. Lesebretta som no er i bruk vil det vere behov for å skifte ut.

## 1.2.2 Sekretariat for kontrollutval

### 1.2.2.1 Tiltak: 01014014 Lesebrett til kontrollutvalet, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 30 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Kontrollutvalsekretariatet har meldt inn ynskje om lesebrett utvalsmedlemmane. I kontrollutvalet i Hareid er der 5 medlemar, det må reknast ca. kr. 5 000 pr. lesebrett.

## 1.2.3 Plan- og utviklingsavdeling

### 1.2.3.1 Tiltak: 01014081 Hareid nye kyrkjegard - grunnkjøp, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 500 | 500 | 500 | 0 |

**Kommentarar:**
Skjønnet for grunn til den nye kyrkjegarden er utsett. 1. utbetaling etter avtalen vert forventa i 2014. Utfallet av anken er usikkert, men foreslår at vi vidarefører tidlegare forventa kostnad.

### 1.2.3.2 Tiltak: 01014082 Bustadfelt Holstad - tilrettelegging bustadtomter, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 500 | 500 | 2 500 | 2 500 |

**Kommentarar:**
Bustadfelt Holstad er under regulering. Utfrå innspel frå fylkeskommunen må det påreknast kostnader (ny undersøking) i samband med frigjevingssøknad for dei område i planen som er kravd automatisk freda etter kulturminnelova. Det vil også kunne påreknast reguleringskostnader(i noko grad) dersom planen må ha ei 3. høyringsrunde. Planen er under justering etter merknader ved 2. gongs off. ettersyn. Føreslegne beløp for dei to siste åra i perioden gjeld forventa grunnkjøpskostnader.

### 1.2.3.3 Tiltak: 01014083 Pålhaugen 2 - grunnkjøp, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 1 000 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Det er forventa at restinnløysing av tomtearealet på Pålhaugen 2 skal kunne gjennomførast i 2014.

### 1.2.3.4 Tiltak: 01014084 Bustadfelt Bigset Vest - grunnkjøp og regulering, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 1 000 | 200 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Det vert foreslått avsett midlar til grunninnløysing i 2014 og reguleringsarbeid i 2015. Utvidingsareal for bustadfeltet Bigset Vest i samsvar med kommuneplanen.

### 1.2.3.5 Tiltak: 01014085 Bustadfelt Hjørungavåg - detaljregulering, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 0 | 200 | 0 |

**Kommentarar:**
Gjeld reguleringskostnader for bustadområde ved skulen i Hjørungavåg. Området er avsett i kommuneplanen. Kommunen har framleis ledige tomter i Engane Nord, så reguleringsarbeidet for nytt bustadfelt blir foreslått utsett til 2016.

### 1.2.3.6 Tiltak: 01014086 Reiten - grunnkjøp, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 800 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Gjeld kjøp grunn til fullføring av vegen Reiten. Framført veg her vil gi mulegheiter for sal av 2 kommunale bustadtomter i eit sentralt bustadområde.

### 1.2.3.7 Tiltak: 01014087 Eliasgarden - grunnkjøp, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 650 | 650 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Gjeld kjøp av veggrunn i samsvar med avtale knytt til utviding av kyrkjegarden. Framført veg her vil opne for bygging på 3 regulerte bustadtomter, Jf. reguleringsplanen.

### 1.2.3.8 Tiltak: 01014088 Hareidsmyrane Industriområde - grunnkjøp, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 1 500 | 1 500 | 2 500 | 2 500 |

**Kommentarar:**
Området er regulert og innleiande grunnforhandlingar er starta opp men har blitt utsett m.a. grunna budsjettsituasjonen. Vi ser det som viktig at forhandlingane kan halde fram med sikte på gjennomføring av eit 1. byggjesteg for Hareidsmyrane industriområde i perioden.

### 1.2.3.9 Tiltak: 01014089 Bustadfelt Melshornlia - grunnkjøp 1. byggjesteg, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 0 | 1 000 | 1 000 |

**Kommentarar:**
Vi har ført opp midlar til grunnkjøp med tanke på å tilretteleggje utbygging av eit 1. byggjesteg i Melshornlia i 2016 og 2017. Kommunen bør tilrettelegge byggjeklare tomter i sentrum, men av grunnar som vil vere kjent har vi utsett dette til slutten av perioden.

### 1.2.3.10 Tiltak: 01014090 Hytteområde Haugen - detaljregulering , 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 150 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Midlar til dette reguleringsarbeidet vart avsett investeringsbudsjettet for 2013, men vart ved budsjettrevisjon utsett til 2014. Tiltaket har forankring i FSK vedtak sak PS 147/10 der formannskapet bad om at hytteområdet vart regulert med tanke på sal av hyttetomtene.

### 1.2.3.11 Tiltak: 01014091 Sal av grunn - diverse , 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | -500 | -500 | -500 | -500 |

**Kommentarar:**
Inntektsposten er redusert i forhold til tidlegare. Kommunen har forholdsvis knapt med salbart areal utanom Engane Nord og i Vadbakken (Skolgemyrane). Det same gjeld for industriareala.

#### 1.2.3.12 Tiltak: 01014092 Ymse grunnkjøp, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 500 | 500 | 500 | 500 |

**Kommentarar:**
Tiltaket er ein "anslagspost" til mindre grunnkjøp gjennom året. I Hovudsak gjeld dette innløysing av mindre areal i samband med grensejusteringar i utbyggingssaker. Tiltaket vil vere venteleg vere "sjølvfinansierande" gjennom inntektsposten "diverse sal av grunn".

### 1.2.4 IT-avdeling

#### 1.2.4.1 Tiltak: 01014064 Fellesprosjekt fiberkabel Hareid-Ulstein, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 2 000 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Fiberkabelen: Som ein lekk i samarbeidet med Ulstein og etableringa av driftssenteret på Hareid er det naudsynt med ein god infrastruktur mellom Hareid og Ulstein. Her bør kommunane legge eigen fiber. Det er allereie lagt ned trekkrør i nye gangvegen over Eidet som Ulstein og Hareid kan nytte. Strekket frå nye gangvegen til Hareid sentrum kan leggast i kant med eksisterande gangveg med ein mini-gravar. Denne gravaren kan uteseksjonen overta mot at dei stiller folk kostnadsfritt for gravejobben. Dette er eit prosjekt som er koordinert med Ulstein kommune. Eit alternativ er å leige eit samband med ein teleaktør på minimum 1 Gbit/s. Dette vil koste om lag 120 000,- pr. år.

#### 1.2.4.2 Tiltak: 01014065 SSIKT - Hareid sin del av investeringane, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 258 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Løyvinga er Hareid kommune sin del av investeringar i maskin- og systemvare i det interkommunale samarbeidet, Søre Sunnmøre IKT.

#### 1.2.4.3 Tiltak: 01014066 IT/læremiddel i skulane, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 200 | 200 | 200 | 200 |

**Kommentarar:**
IT/læremiddel skulane burde med fordel ha vore større, då 100 000,- vil være for lite til å hindre ei kraftig oppbremsing av naudsynt utbygging av datakapasitet for elevane i skulen. Investeringa her er difor oppjustert til opphavleg beløp i handlingsplanen. Eit alternativ er at ein går inn på ein avtale om operasjonell leasing av berbare maskiner til lærarar med ein periode på 5 år. Operasjonell leasing inneber ikkje kjøp, men leige og vert å rekne som ei driftsutgift. 5 år er normal levetid på berbare maskiner. På elev-sida er det no etter kvart berre tynne klientar. Desse har ein betydeleg lavare innkjøpspris (?) og ei levetid på 7-10 år. Krev til gjengjeld god serverpark og infrastruktur, men løner seg stort totalt sett

### 1.2.5 Omsorgskontor

#### 1.2.5.1 Tiltak: 03014053 Prosjektering bustader til unge vaksne, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 300 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Prosjektering i høve bustadar til unge vaksne med nedsett funksjonsevne. Mål : bygging av nye bustadar 5-6 med fellesareal.

## 1.2.6 Kjøkken

### 1.2.6.1 Tiltak: 03014045 Ny kombidampar, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 120 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Den minste kombidamparen går med halv effekt sidan det eine elementet er øydelagt. Lite hensiktsmessig og koste på denne sidan den er 22 år gamal.

## 1.2.7 Heimesjukepleie

### 1.2.7.1 Tiltak: 03014054 Tryggleiksalarmar - analog linje går ut og vi må kjøpe inn nye alarmar for framtida, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 300 | 300 | 300 | 300 |

**Kommentarar:**
Alle tryggleiksalarmar heimesjukepleia har i dag (ca. 110stk) er alle kun til analog telelinje. Når analog linje forsvinn, kan ikkje desse alarmane brukast lenger. I dag kan ikkje personar som ikkje ha analog linje få tryggleiksalarm. Vi bør difor gå over til nytt system så fort som mogleg.

## 1.2.8 Kulturvern/ museer

### 1.2.8.1 Tiltak: 04014001 Kvitnes dokumentasjonssenter, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 250 | 250 | 250 |

**Kommentarar:**
Kvitnes dokumentasjonssenter; utvikle Kvitneset til dokumentasjonssenter for krigshistorie, restaurere dei fysiske krigsminna, fornminne og friluftsområde

### 1.2.8.2 Tiltak: 04014002 Skilting av kulturminne Ovra, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 150 | 150 | 0 |

**Kommentarar:**
Skilting av kulturminne Ovra; 3 røyser på Skarveneset, 2 røyser Kjerringvika og gravrøys Ovraneset; skjøtsel og skilting av desse kulturminna

### 1.2.8.3 Tiltak: 04014007 Kulturminneplan-oppstart arbeid, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 150 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Jf. vedtak i kommunestyret i sak PS 119/12 Kommunal planstrategi 2012-2016 for Hareid kommune.

## 1.2.9 Geodata

### 1.2.9.1 Tiltak: 01014079 Ortofotografering, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 0 | 0 | 213 |

**Kommentarar:**
Gjeld ajourføring kart/ortofoto i samsvar med handlingsplan/geodataplan for Møre og Romsdal fylke

#### 1.2.9.2 Tiltak: 01014080 Nytt GPS-utstyr, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 200 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Investeringa er nødvendig. Utstyret vi har er gått ut av produksjon/gammalt og utdatert. Vi bør fornye utstyret seinast i 2015.

### 1.2.10 Brannvern

#### 1.2.10.1 Tiltak: 01014055 Ny tankbil, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 1 400 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Den noverande tankbil er gamal 1986 modell, nedslite og dårleg. Stort problem med girkasse, reperasjon estimert til 100 000 kr dette er ikkje tilrådeleg med ein så gamal bil som er verdt mindre enn dette. Også øydelagt bladfjører på bakaksel. Brannsjefen kan ikkje garantere at denne varer lenge. Det er snakk om månader ikkje år. Dersom det bryt saman må vi kjøpe ny umiddelbart. Tankbilen er naudsynt då Hjørungavåg vassverk ikkje kan levere tilstrekkeleg vatn etter forskiftene. Bilen er også reservebil for mannskapsbilen når den er på service o.l.

#### 1.2.10.2 Tiltak: 01014056 Ny vaktbil, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 400 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Noverande vaktbil (kommandobil) ein 2002 modell Toyota Hiace bør utskiftast, pga. alder men også fordi den ikkje har automatgir. Stadig aukande krav til samband i samband med innføring av naudnett gjer at det trafikkfarleg utan automatgir. Dette bør heller ikkje vente for lenge, naudnettet kjem i 2015. Utstyr vert levert utover i 2014.

#### 1.2.10.3 Tiltak: 01014057 Meir utstyr ny brannstasjon, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 200 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
For å kunne nytte nybygget til brannstasjon, trengs meir utstyr. Arbeidsbenkar, garderobeutstyr m.m.

### 1.2.11 Kommunalteknisk kontor

#### 1.2.11.1 Tiltak: 05014035 Gjerdeelva, førebygging, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 300 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:** Gjennomføring i 2014 under føresetnad av at NVE si medverking i prosjektet i form av prosjektering og tilskot. Ventar på svar frå NVE om medverking.

### 1.2.12 Vegar

#### 1.2.12.1 Tiltak: 05014034 Fast dekke, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 300 | 300 | 300 | 300 |

**Kommentarar:** Binding av overflata av vegar og plassar med bituminøst dekke er god økonomi mht. slitasje frå klima og trafikk. Det vil redusere vedlikehaldskostnadane sommar som vinter vesentleg. Det er også stort behov for reasfaltering

### 1.2.13 Tiltak: 05014053 Pålhaugen 2, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 1 400 | 300 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Utbygging av tekniske anlegg i 2015, ferdig i 2016

#### 1.2.13.1 Tiltak: 05014054 Eliasgarden, tekniske anlegg, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 800 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Utbygging av tekniske anlegg i 2014

#### 1.2.13.2 Tiltak: 05014055 Reiten, tekniske anlegg, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 0 | 1 000 | 0 |

**Kommentarar:**
Utbygging av tekniske anlegg er skyvd ut til 2018

#### 1.2.13.3 Tiltak: 05014059 Gatelys gangveg til Brandal, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 600 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:** Ikkje medteke i H 2014-2017. Montering av ca. 40 lyspunkt over ei strekning på omlag 1,6 km. Utstikk frå trederør for elkabel vart etablerte langs heile strekninga i samband med utbygginga av g-/s-vegen.

### 1.2.14 Hamn

#### 1.2.14.1 Tiltak: 05014060 Hareid hamn- rehab betongkai, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 1 500 | 0 | 0 |

**Kommentarar:** I Hareid hamn har vi to kaier som bør rehabiliterast. Av tryggleiksgrunnar har vi lagt inn budsjettmidlar til rehabilitering av betongkaia. Trekaia mot nord på ytre molo må stengast.

### 1.2.15 Vatn

#### 1.2.15.1 Tiltak: 05014020 Reservevassforsyning mot Ulstein, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 1 500 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Knyte saman ny trasé over eidet med eksisterande PVC-leidning på Rise. Totallengde 850m, herav 475m asbest som blir skifta. Ledningsdimensjon skal aukast til 225 mm PVC. Det må også byggast 2 trykkreguleringsstasjonar. Begge må innehalde utstyr for både trykkforsterking (vatn frå Hareid til Ulstein) og trykkreduksjon (vatn frå Ulstein til Hareid). Dette anlegget må til for å få i stand eit system med gjensidig reservevassforsyning mellom Hareid og Ulstein.

Vedk. reservevassforsyning - til budsjettarbeid. Etter å ha gått gjennom økonomien i prosjektet (65127) er situasjonen slik: Budsjettbeløp 2013: 4,000 mill. kr. Konsulentutgifter: 0,120 « Hareid sin del av anl. over Eidet: 2,000 « Beløp kvalitetssikra. Liten faktura att. Att av 4 mill. når siste fakt. er betalt 1.880 « Restbehov midlar for komplett anlegg: Konsulentutgifter: 0,150 mill. kr. Vassleidning: 1,063 « 425 lm Vasskummar: 0,070 « 2 stk. Trykkreguleringsstasjonar: 2,000 « 2 stk. Grunnkjøp, reg., m.m. til stasjonane: 0,100 « ca. 200 m2 Restbehov 3,383 « Samla restbehov tilleggsløyvingar: (3,383 - 1.880) mill. kr. = ca. 1,5 mill. kr.

### 1.2.15.2 Tiltak: 05014021 Ny inntaksleidning Hammarstøylvatnet, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 1 400 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:** Noverande innretning er av eldre dato og fungerer dårleg. Det er registrert store lekkasjar gjennom demninga i noverande rørtrase. Tiltaket gjeld legging av ny inntaksleidning m. sil, føring gjennom demninga og bygging av hus over ventilkum. Gammal innretning skal fjernast heilt. Tenkt utbygging i 2014. (samarbeid med Tussa)

### 1.2.15.3 Tiltak: 05014027 Fornying vassleidningsnett, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 300 | 300 | 300 | 300 |

**Kommentarar:** Midlane er tenkt nytta til utbygging av mindre vassleidningsprosjekt. Skifte ut tilgrodde vassrør av støypejarn, defekte slusekummar og brannkummar

### 1.2.15.4 Tiltak: 05014029 VA- Røyset, 1. byggesteg, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 1 500 | 3 500 | 0 | 0 |

**Kommentarar:** Røyset har vassforsyning frå private brønnar, med dårleg vasshygiene. Avløpa renn mot Snipsøyrvatnet. Innbyggarinitiativ. Utbygging i 2016 og 2017.

### 1.2.15.5 Tiltak: 05014031 Gravemaskin, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 600 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:** Kjøp/leasing av nyare brukt gravemaskin m. noko utstyr vil vere klart kostnadsbesparande. Stort behov då vi seinaste åra fleire gongar har opplevt vanskar med å skaffe gravemaskin når vi treng det. 6-7-tonns vektklasse. Vil for det meste bli brukt innan vassforsyning og avløp.

## 1.2.16 Avløp

### 1.2.16.1 Tiltak: 05014025 Kloakkleidning Liaset-Øvrelid, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 300 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Restarbeid, tilsåing etc.

### 1.2.16.2 Tiltak: 05014028 Fornying kloakknett, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 300 | 300 | 300 | 300 |

**Kommentarar:**
Fornying kloakknett i samsvar med godkjent avløpsplan.

### 1.2.16.3 Tiltak: 05014030 Behandlingsanlegg kloakk Hareid, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 200 | 4 800 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Ihht. avløpsplan. Forprosjekt/-rapport om val av renseløysingar for Hareid, Hjørungavåg og Brandal i 2014.Bygge ut behandlingsanlegg i Hareid i 2015.

### 1.2.16.4 Tiltak: 05014032 Varebil, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 400 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Kjøp-/leasing av varebil som erstatning for kondemnert varebil.

### 1.2.16.5 Tiltak: 05014061 Avskjerande leidningsanlegg Grimstad-Geilane, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 0 | 1 800 | 0 |

**Kommentarar:**
Prosjektet ligg inne i hovudplan for avløp i perioden 2007-2010. Avskjerande leidning vil redusere utsleppa frå private avløpsanlegg til Grimstadvatnet. Utbygging i 2016.

### 1.2.16.6 Tiltak: 05014062 Avløpsanlegg Hareid hamn - nordre molo, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 1 900 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Området er detaljregulert. Ny bebyggelse i området gjer det naudsynt å bygge ut avskjerande avløpsanlegg og pumpestasjon ihht. avløpsplan.

## 1.2.17 Område 65

### 1.2.17.1 Tiltak: 05014056 Byggefelt Holstad, tekniske anlegg, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 300 | 2 000 | 2 700 |

**Kommentarar:**
Utbygging i 2015 -2017. Stipulerte kostnader må revurderast etter prosjektering/anbodsrunde.

6599 Område 6500 – 05014057 Bustadfelt Melshornlia, tekniske anlegg.

### 1.2.17.2 Tiltak: 05014057 Byggefelt Melshornlia, tekniske anlegg, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 0 | 300 | 2 900 |

**Kommentarar:**
Ikkje medteke i Handlingsprogram 2014-2017.

### 1.2.17.3 Tiltak: 05014058 Hareidsmyrane, 1. byggesteg, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 300 | 1 500 | 1 300 | 1 300 |

**Kommentarar:**
Ikkje medteke i Handlingsprogram 2014-2017.
**Hareid sentrum - miljøgate mv.**

**Hareid sentrum - miljøgate mv.**
I Kjøpmannsgata må vass-, kloakk- og drensleidningar skiftast ut i ei lengde på ca. 150 meter. Planen er å samordne dette med at gata blir oppgradert til miljøgate. Finansiering ikkje medteke i H-2014-2017.

## 1.2.18 FDV Bygningar

### 1.2.18.1 Tiltak: 05014036 Brannsikring Hjørungavåg skule, 2014

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 200 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Gymsalen har i dag ikkje godkjent brannsikring. Brannsentralen er såpass gamal, at det blir

problem med å bruke denne opp mot meir/ ny brannvarsling. Blir ein del arbeid med kabling frå skulen og til gymsalen.

### 1.2.18.2 Tiltak: 05014037 Forprosjekt avlastningsbustadar, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 200 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Kommunen må kartlegge behovet for avlastningsbustadar. Etter at kartlegging er utført, må det planleggast nye bustadar for denne gruppa, basert på behov.

### 1.2.18.3 Tiltak: 05014038 Hjørungavåg skule, ledelys, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 150 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarer:**
Ledelysa har begynt å bli dårlige grunna alder. Nokre har slutta å fungere. Lysa er såpass gamle, at service ikkje er mulig lenger.

### 1.2.18.4 Tiltak: 05014039 Sjukeheimen, ventilasjon, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 1 700 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Ventilasjonen på denne avdelinga (3. etg.) er ikkje bra. Når luftkvaliteten er for dårleg, kan dette gi negative helseeffektar for både pasientar og tilsette.

### 1.2.18.5 Tiltak: 05014040 Brannstasjon, nytt taktekke, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 350 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Taktekkinga har gått ut på dato. Der er stadige lekkasjar som må reparerast. Når tekking er for gamal blir det stadig vanskeligare å reparere.

### 1.2.18.6 Tiltak: 05014041 Ny prestebustad, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 5 700 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Som følgje av sal av den gamle, er ny prestebustad planlagd. Den er ferdig teikna, og kan leggast ut for anbodsinnbyding i løpet av kort tid. Bustaden er i si heilheit sjølvfinansierande i form av oppgjer for sal av den gamle, samt finansiell støtte frå Opplysningsvesenets Fond.

### 1.2.18.7 Tiltak: 05014042 Sansehage, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 150 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Sansehage har vore eit stort ønske i lang tid. Skal bl. a. innehalde 70 m2 med terrasse, der det i dag er grasplen.

### 1.2.18.8 Tiltak: 05014043 Myrtunet, ny brannalarm, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 400 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarer:**
Brannvarsling i dag er veldig dårlig. I lys av at Myrtunet har heildøgns-drift, er det veldig viktig å få på plass dette, slik at ein ivaretek sikkerheita til leigetakarar. Alarmen blir kobla til 110.

### 1.2.18.9 Tiltak: 05014044 Hareid ungdomsskule, ny taktekking, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 1 000 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Taktekkinga har begynt å bli veldig dårleg, med stadige reparasjonar. Vasslekkasje fører også til tekniske problem inne, som også går utover el. systemet. Ny taktekking vil ta vekk gamle vedlikehaldskostnader.

### 1.2.18.10 Tiltak: 05014045 Biblioteket, ny belysning, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 200 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Biblioteket har slitt med dårlig/ gammal belysning. I same prosjektet ligg det også noko ny himling.

### 1.2.18.11 Tiltak: 05014046 Sjukeheimen- ombygging bufellesskap, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 500 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Dette går ut.

### 1.2.18.12 Tiltak: 05014047 Bigset barnehage, vognrom, leikeskur, uteområde, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 150 | 100 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Bigset barnehage har behov for vognrom, leikeskur og opparbeiding av uteområde. Det er veldig dårleg plass innvendig. Å la vognene stå ute i regn og snø går ikkje. Leikeskur er noko borna treng. Det er også behov for å lage til uteområdet betre, slik at borna har gode leikeplasser.

### 1.2.18.13 Tiltak: 05014048 Syverplassen barnehage, vognskur, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 300 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarer:**
Syverplassen barnehage har behov for vognskur. Med plassproblem inne, kan ikkje vognene stå ute i ver og vind.

### 1.2.18.14 Tiltak: 05014049 Syverplassen barnehage- utviding/ny parkeringsplass, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 500 | 120 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Barnehagen har eit stort behov for fleire parkeringsplasser. Dagens parkeringsplass er altfor liten. Spesielt vinterstida er dette veldig utfordrande.

### 1.2.18.15 Tiltak: 05014050 Rådhuset, ny taktekking, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 1 300 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Taktekkinga har begynt å bli veldig dårleg, med stadige reparasjonar.

### 1.2.18.16 Tiltak: 05014051 Legesenteret, ny ventilasjon, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 600 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Dagens ventilasjon er for dårleg og gamal. Inneklimaet for legane er dårleg. Spesielt på slutten av dagen er der mykje plage med tung luft. Å opne vindu for å få friskluft, er ikkje ei gangbar løysing for eit legekontor.

### 1.2.18.17 Tiltak: 05014052 Hareid barnehage, ventilasjon, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 150 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Ventilasjonen på Hareid barnehage er dårleg og delvis defekt. Ein forholdsvis enkel operasjon vil vere å skifte aggregata, utan å skifte røropplegget. Det er ikkje sikkert røropplegget er bra nok ut ifrå dagens krav, men med to nye aggregat vil ein få eit vesentleg betre luft inne.

**Hareidhallen, brannvarsling**
Hareidhallen (gymsalen) har i dag ikkje brannvarsling. Der finst brannvarsling nokre andre plasser i bygget, men noko av dette har slutta å fungere, pga. alder. Av det som fungerer, er ingenting linka mot 110.

## 1.2.19 Hareid sokn

### 1.2.19.1 Tiltak: 04014018 Utviding stell av driftsområdet på kyrkjegarden, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 100 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Utviding/stell av driftsområdet på kyrkjegarden: Når byggetrinn 1 vert teke i bruk som ny kyrkjegard frå 01.06.2014, vil gravfølgja på veg til grava måtte passere gjennom eksisterande driftsområde. I tillegg til ein del utstyr som traktorskuffe, tilhengarar ol, er der søppelcontainer og søppeldunkar, haugar av gammal og ny jord, gamle gravsteinar mm. Pga. myrjord er der også veldig vått. Det er derfor ønskeleg å drenere området og å utvide asfalten, slik at der ser ryddigare ut. I tillegg er det planlagt å sette opp eit gjerde og ein port for å skjerme for innsyn. Kostnad: Kr 100 000 i 2014

### 1.2.19.2 Tiltak: 04014019 Asfaltering av parkeringsplassen + lys, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 130 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Asfaltering av parkeringsplassen + lys: Parkeringsplassen ved kyrkja er ikkje i god stand, der er holer og store steinar kjem opp. Ei asfaltering ville avhjelpe dette, og også spare inn framtidige utgifter til grusing. I tillegg er det svært mørkt på parkeringsplassen, og det er derfor ynskjeleg med eit gatelys der. Ein vil lett kunne sette opp ei lykt i ein eksisterande stolpe. Kostnad: Kr 130 000 i 2014

### 1.2.19.3 Tiltak: 04014020 Nytt golv og varmesystem i kyrkjeskipet, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 950 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Nytt golv og varmesystem i kyrkjeskipet: Dette vart det jobba mykje med i 2008-2009, og eit lån vart innvilga til dette formålet. Etter avslag frå riksantikvaren på dei løysingane soknet ynskjer, vart det heile lagt i bero for ein periode, men etter samtale med biskopen under visitasen hausten 2011, er arbeidet med golv og varmesystem no teke oppatt og ny søknad vil verte innsend med d et første. Kostnad: Kr 950 000 i 2015

### 1.2.19.4 Tiltak: 04014021 Løpar til midtgangen i kyrkja, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 100 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Løpar til midtgangen i kyrkja: Til det nye kyrkjegolvet trengst det ein ny løpar. Den gamle var heilt utsliten, og vart derfor kasta for nokre år sidan. Kostnad: Kr 100 000 i 2015

### 1.2.19.5 Tiltak: 04014022 Nye lysarmatur i kyrkja, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 0 | 120 | 0 |

**Kommentarar:**
Nye lysarmatur i kyrkja: Det syner seg at det er vanskeleg å nytte lyspærer av ny type i mange av dei gamle lysekrunene i kyrkjeskipet, då haldarane sprekk eller smuldrar opp. Det er derfor nødvendig å skifte dei ut i løpet av ikkje så lang tid. Kostnad: Kr 120 000 i 2016

### 1.2.19.6 Tiltak: 04014023 Nytt inngangsparti med universell utforming inkl. nye toalett og kjøkkenkrok, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 0 | 150 | 120 |

**Kommentarar:**
Nytt inngangsparti med universell utforming: Hareid kyrkje er ikkje godt nok tilrettelagt for rullestol-brukarar og andre rørslehemma. Ved legginga av nytt golv ynskjer ein å gjere korpartiet tilgjengeleg for alle. Men inngangs-partiet vil framleis vere vanskeleg tilgjengeleg, med trappetrinn i to avdelingar, og toaletta er det uråd å nytte for ein person i rullestol. Dei er elles lite hygieniske for alle brukarar, då der er berre kaldt vatn. I tillegg er det stort behov for ei lita kjøkkenkrå, då der kvar søndag er kyrkjekaffi, og også andre dagar i veka føregår det servering til born og unge i trusopplæringa. Soknet ynskjer derfor å starte planlegging av eit nytt inngangsparti/våpenhus som tek omsyn til alle desse behova. T.d. kan ein hente idear frå Vartdal kyrkje som vart bygt om lag samtidig og etter same teikningane. Dei bygde nytt våpenhus for rundt 25 år sidan. Kostnad: Kr 150 000 i 2016 og 1 200 000 i 2017

### 1.2.19.7 Tiltak: 04014025 Hareid kyrkjegard, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 2 200 | 120 | 50 | 0 |

**Kommentarar:**
Beløpet skal dekke aktiviteten i 2. utbyggingsår av prosjektet. Ref. sak PS 19/13 i kommunestyret, Restfinansiering – utviding av Hareid kyrkjegard og sak PS 83/13 i kommunestyret, Budsjettrevisjon – Investeringsbudsjettet 2013. Totalkostnaden for prosjektet var opphaveleg kostnadsrekna til kr 13 220 000. Med godkjenningar av tilleggsarbeid og ny kostnadsrekning av prosjektet er prosjektkostnad no kostnadsrekna til kr 14 220 000. Kostnadsauken er med dette innarbeidd i rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjett.

## 1.3 Tiltak som ikkje er innarbeidd i rådmannen sitt forslag til driftsbudsjett

- Beløpa i heile 1000, må lesast som kvart års endring ( tilgang / avgang ) i høve til 2013.
- -forteikn er redusert utgift eller auka inntekt.

### 1.3.1 Plan og utviklingsavdelinga

#### 1.3.1.1 Tiltak: 01014032 Kontorutstyr, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 10 | 10 | 10 | 10 |

**Kommentarar:**
Det er behov for innkjøp av nytt arkivskap m.m.

#### Tiltak: 01014034 Kursutgifter, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 15 | 15 | 15 | 15 |

**Kommentarar:**
Kursposten bør aukast slik at han er nyttbar. Kursa som er knytta til plan eller eigedomsforvaltning har oftast ei høg kostnadsramme.

### 1.3.2 Bigset skule

#### 1.3.2.1 Tiltak: 02014007 skyssutgifter symjeopplæring, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 12 | 12 | 12 | 12 |

**Kommentarar:**
Elevane på 3. - 5. trinn er for unge til å sykle - må ha busskyss. Gjennom vinterhalvåret må også elevane i 6.- 7. klasse få tilbod om busskyss. Alternativet er å ikkje tilby lovpålagt symjeundervisning.

#### 1.3.2.2 Tiltak: 02014008 kurs spesialundervisning, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 10 | 10 | 10 | 10 |

**Kommentarar:**
Skulen har fleire elevar med utfordrande diagnoser. Det er stort behov for kursing av tilsette. Mange av desse kursa blir tilbudd ved spesialkompetansesentera i større byar i Noreg.

#### 1.3.2.3 Tiltak: 02014009 leksehjelp 2 t/v, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 13 | 13 | 13 | 13 |

**Kommentarar:**
Skulen har ikkje tilbudd lovpålagt leksehjelp dei siste to åra, då ein ikkje har funne midlar til dette.

### 1.3.3 Hareid ungdomsskule

#### 1.3.3.1 Tiltak: 02014018 Nytt tiltak, spesped. Startar opp august 2014, Berekna 5/12 - 2014, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 262 | 630 | 630 | 630 |

**Kommentarar:**
Elev med rett til omfattande spesialpedagogiske tiltak, startar august 2014.

## 1.3.4 Bigset barnehage

### 1.3.4.1 Tiltak: 02014004 generelle driftsutgifter/materiell, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 40 | 40 | 40 | 40 |

**Kommentarar:**
Generelle driftsutgifter må justerast tilsvarande auken av barnetal/brukarar. Det er naturleg at ein samanliknar seg med andre kommunale barnehagar med like stor drift og får tilnærma likt utgangspunkt konto 11000 kontor/arbeidsmateriell kr20000 + konto 11500 kursutgifter kr 10000 +konto 11852 gruppe- og yrkeskadefor. kr 10 000

## 1.3.5 Psykiatri

### 1.3.5.1 Tiltak: 03014040 Auke i ressurs, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 275 | 275 | 275 | 275 |

**Kommentarar:**
Det er stor auke i etterspørselen av tenester innan psykiatri, og antalet brukarar av tenesta har auka. Hareid kommune har ikkje psykolog, og derfor er trykket høgt på dei som arbeider innan psykiatriteamet. Vi har dreia tenesta meir over på yngre brukarar, og der er det eit stort behov. Dette er eit viktig førebyggande arbeid.

### 1.3.5.2 Tiltak: 03014043 Auke i budsjettramme til, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 150 | 150 | 150 | 150 |

**Kommentarar:**
Helse og koordinerande eining tok over ansvaret for støttekontaktane frå Nav 01.01.2013. Lønnsramma som fylgde ordninga dekker på langt nær dei faktiske utgiftene. Det er stor etterspørsel etter tenesta, og det er ei billig og førebyggande teneste, som kan medverke til å utsette eller forhindre meir kostbare tiltak og tenester.

## 1.3.6 Dagsenter

### 1.3.6.1 Tiltak: 03014044 Auke ressurs dagsenter, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 275 | 275 | 275 | 275 |

**Kommentarar:**
Dagsenteret har dobla antal brukarar utan auke i bemanning. Det er fortsatt stor etterspørsel om dagplass frå eldre heimebuande. Som eit ledd i å nå måla i Samhandlingsreforma, arbeider vi for at eldre skal kunne bu lengre i eigen bustad og vere mest mogleg sjølvhjelpte. Dagsenteret er difor eit satsingsområde. Det kan medverke til utsetting av behov for sjukeheimsplass, og omsorgsbustad.

## 1.3.7 Omsorgskontor

### 1.3.7.1 Tiltak: 03014058 Auke i merkantil ressurs, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 70 | 140 | 140 | 140 |

**Kommentarar:**
40% er redusert siste åra. Rådgjevar bør frigjerast frå resepsjon og ein del forfallande arbeid der.

### 1.3.8 Kjøkken

#### 1.3.8.1 Tiltak: 03014048 Kompetanseheving- nytt matmerkingssystem, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 25 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Det er viktig at dei tilsette får lære dette matmerkingsprogrammet frå starten av, for på sikt må alle på kjøkkenet lære å bruke dette.

#### 1.3.8.2 Tiltak: 03014050 Internkontroll. Fornying av avtalar, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 20 | 20 | 20 | 20 |

**Kommentarar:**
Fornying av avtalar m ISO-Piloten og Mare Safety(Serviceavt utstyr).

### 1.3.9 Heimesjukepleie

#### 1.3.9.1 Tiltak: 03014034 Midlar til å ivaretake leigebilparken best mogeleg, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 70 | 70 | 70 | 70 |

**Kommentarar:**
Heimesjukepleia har døgndrift 365 dagar i året. Ein har leigeavtale på 6 bilar. Stor slitasje grunna døgnbruk og ulike brukarar gjer faren for skadar og uhell større. Ikkje alle skadar dekkes av forsikring

### 1.3.10 Bibliotek

#### 1.3.10.1 Tiltak: 04014003 Barnebibliotekar, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 400 | 400 | 400 | 400 |

**Kommentarar:**
Ein barnebibliotekar må snarleg på plass for å ta seg av formidlingsbiten og arbeidet med auking av leselyst og leseferdigheiter hos born og unge i kommuna.

### 1.3.11 Brannvern

#### 1.3.11.1 Tiltak: 01014007 Vaktlag inkl. sos avg, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 1 400 | 1 400 | 1 400 | 1 400 |

**Kommentarar:**
Etter brannlovas forskrift om dimensjonering av brannvesen, så er det krav om vaktlag i Hareid kommune, då tettstaden Hareid er over 3000 innbyggarar.

#### 1.3.11.2 Tiltak: 01014096 Lønn brannsjef, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 220 | 220 | 220 | 220 |

**Kommentarar:**
Vedtatt organisering frå 2012 med brannsjef i 25 % var ikkje finansiert i budsjettet.

### 1.3.12 Hareid sokn

#### 1.3.12.1 Tiltak: 04014012 Kyrkjeverje, auke frå 7% til 100%, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 220 | 220 | 220 |

**Kommentarar:**
Kyrkjeverjestillinga er svært omfattande: Ansvar for økonomi og budsjett, ansvar for kyrkje- og kyrkjegardsdrift, sakshandsamar og sekretær for sokneråd og fellesråd, leiing av kyrkjekontoret og personalansvar for dei tilsette (6-7 personar). Alt dette er lovpålagde ting, og det er heilt uråd å gjere ein fullgod jobb i ei 70%-stilling. Mao er det ein del ting som no ikkje vert gjorde - noko som er uhaldbart i lengda. Kyrkjeverja kan elles samanliknast med ein områdeleiar i kommunen, og det er vel ingen av dei som har redusert stilling? Kostnad: Kr 220 000 frå 2015

### 1.3.12.2 Tiltak: 04014013 Kyrkjetenar auke frå 100 til 180% frå 1.6, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 255 | 408 | 408 | 408 |

**Kommentarar:**
Kyrkjetenaren har m.a. følgjande oppgåver: Rydding, reinhald og vedlikehald i kyrkja, oppgåver før, under og etter gudstenester, førebuing og gjennomføring av gravferder og vigsler, ajourføring av gravprotokoll og gravkart, yte service til dei som nyttar kyrkjegarden, nødvendig stell og vedlikehald av kyrkjegarden inkl. maskiner, reiskapar og bygningar. Alt på 1980-talet vart det rekna ut av Helge Klingberg, som var kyrkjegardeeksperten i direktoratet gjennom ei årrekke, at det i Hareid var arbeid for kyrkjetenar i 150 % stilling. Etter det har bruken av kyrkja auka svært mykje og kyrkjegarden har vorte monaleg større- og frå 01.06.2014 er der om lag 10 mål til som skal stellast. Soknet har pr. no kyrkjetenar i 100 % stilling, og brukar i tillegg lønnsmidlar tilsvarande om lag 40 % stilling til t.d. sommarhjelp, ekstra mann ved graving i høve gravferder, og vikar når kyrkjetenaren har frihelger. Behovet er altså stort for auke i stillinga. I og med at kyrkjegarden no vert utvida med byggetrinn 1, er det nøkternt å seie at det er behov for ei 80 % stilling ekstra. Kostnad: Kr 255 000 i 2014, seinare kr 408 000 pr år

### 1.3.12.3 Tiltak: 04014014 Fjerne tre og stubbar, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 0 | 0 | 70 | 0 |

**Kommentarar:**
Fjerne tre og stubbar: Dei siste åra er ein god del av dei gamle lønnetrea på kyrkjegarden fjerna, men framleis er der for mange att. Dei gjer at det er store og sterke røter i jorda der det skal gravast, og mange av dei er så gamle at dei etter kvart kan vere til fare for folk som oppheld seg i nærleiken. I tillegg får vi kommetarar om at det er vanskeleg å sjå kyrkja og kyrkjetårnet frå m.a. sjøen. Etter at mange store tre er felte, står der no att over 20 stubbar, og fleire vert det når fleire tre vert tekne. Då trea utanfor rådhuset vart saga ned i vår, vart stubbane fjerna umiddelbart. Svært mange menneske oppsøkjer kyrkjegarden jamleg, og har eit ynskje om at der skal vere minst like velstelt som på rådhusplenen. Kostnad: Kr 70 000 i 2016

### 1.3.12.4 Tiltak: 04014015 Gudstenestereforma -nytt materiell, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 25 | 25 | 25 | 0 |

**Kommentarar:**
Gudstenestereforma – nytt materiell: Gudstenestereformen frå desember 2012 gjer at kyrkja har behov for nytt materiell og ny programvare. Berre ny salmebok, som kjem ut i haust, vil koste kr 339 pr stk. I tillegg kjem liturgihefte og digital programvare. Vi reknar ikkje med å kunne kjøpe inn tilstrekkeleg mengde av alt det første året, men vil la investeringa gå over fleire år. Kostnad: Kr 25 000 pr år

### 1.3.12.5 Tiltak: 04014016 Prestestova-takreparasjon og oppretting, 2014

| Konsekvens | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 30 | 30 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Takreparasjon og oppretting av prestestova: Prestestova er, så langt vi veit, det eldste huset i

kommunen. Ho vart opprusta og flytta inn på kyrkjegarden for ca. 50 år sidan. No syner det seg at grunnmuren har byrja å sige, og festa for torvtaket har slitna, slik at det vil kome til å skli ned. Det vert søkt Kulturminnefondet om støtte til utbetringar, men vi må rekne med at dette ikkje dekker alt. Kostnad: Kr 30 000 i 2014 og 2015

### *1.3.12.6 Tiltak: 04014017 Vedlikehald av kyrkja innvendig og utvendig, 2014*

| Konsekvens | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| (i kroner) | 200 | 0 | 0 | 0 |

**Kommentarar:**
Vedlikehald av kyrkja innvendig og utvendig: Gjennom mange år har det grunna dårleg økonomi vore gjort lite vedlikehald på kyrkja. No er det fleire ting som det er stort behov for å utbetre. M.a. er fleire utvendige bord rotne, og målinga flassar særleg rundt inngangspartiet og på drivveggen mot sør. Innvendig vart kyrkja oppattmåla til 100-årsjubileet i 1977, men det er no behov for nymåling fleire stadar. Ein merkar også godt at det kjem kald trekk ned langs søylene innvendig i kyrkja, så ei vindtetting her er svært ynskjeleg – ikkje minst med tanke på straumforbruket i kyrkja. Kostnad: Kr 200 000 i 2014